

Os folkebibliotek
Hotbrekka 7
5200 Os
<http://www.osfolkebibliotek.no>
os.folkebibliotek@os-ho.kommune.no

Os, 29.9.2015

SØKNAD OM Å VERTA MODELLBIBLIOTEK I HORDALAND I 2016

Vi vil tilby eit eventyrleg og enda meir meirope hovudbibliotek.

Os folkebibliotek er stort, litt meir enn 1000 m². Vi har scene og meiropen lesesal. Lesesalen er første trinn mot eit meirope hovudbibliotek. Han er open frå kl.7 til 24 for alle med nøkkelkort. For å få nøkkelkort, må ein vera fylt 18 år, signera ein avtale og betala eit depositum på 100kr. Dette tilbodet er utruleg populært og mykje nytta.

Interiøret og innreidinga i biblioteket er innbydande og «heimelaga», men vi har fleire problemområde. Vi treng å bli sett og vurdert utanfrå, og vi ønskjer oss m.a. hjelp til å laga funksjonelle rom for ulike brukargrupper, - med ein meir profesjonell touch.

Vi planlegg arrangement for ulike målgrupper, og har søkt Nasjonalbiblioteket om støtte, - både til arrangement og til ei oppgradering av scena med m.a. scenelys og teleslynge. I tillegg til oppfrisking og ommøblering treng vi utstyr til å kunna meiropna heile biblioteket.

Prosjekttittel

«Berget det blå for alle»

«Os folkebibliotek – eit eventyrleg bibliotek», dette er visjonen vår. Gjennom denne visjonen ønskjer vi å fortelja om alt biblioteket står for, og vi ønskjer å gi eventyrlege opplevingar og avdekka skattane for både Askeladden og brørne hans.



Eventyrleg bibliotek:

- Tanken om kultur og kunnskap for «fattig og rik» i bygd og by
- Innhaldet mellom permar og på webben
- Tilgangen til nyhende, informasjon, kunnskap gjennom ulike media
- Opplewingar i bibliotekrommet: inspirasjon, overraskingar, utstillingar av bøker, kunst og samlingar.
- Stemning, tenester og service.
- Eventyrleg arbeidsplass for sjølvutnemnde prinsesser

Visjon

«Flest mogleg osingar skal eiga nøkkelen til Berget det blå, der dei skal finna skattar og opne, attraktive rom som høver for den einskilde»



Rom for alle ...? i biblioteket som ligg under treningsenteret ☺

Mål

Os folkebibliotek skal vera ein god og spennande møteplass for flest mogleg brukargrupper: familiar, ungdom, eldre, barnehagar, skuleklassar. Samlingane og romma skal vera tilgjengelege utanom vanleg opningstid gjennom låssystem knytta opp til lånekorta, og sjølvbetent innleverings- og utlånssystem.

Innreiling og skilting skal tilpassast slik at publikum lett kan finna fram på eiga hand. Romma skal opplevast som formidlande, dei skal inspirera og invitera til å slå seg ned, anten ein søker arbeidsro, leselykke, eventyrstund eller kunnskap og informasjon.

Tiltak trengst særskilt på tre fysiske område i biblioteket, som vi opplever at har eit tydeleg betringspotensiale. Vi ønskjer å fokusera på desse.

- 1. Nøkkelen til Berget det blå.** Det er viktig å meiropna biblioteket for flest mogleg. Romma skal nyttast, bøker byttast, - også når personalet er rundt omkring eller heime og spiser middag.
Vi treng ALT ... nøkkelsystem, brikker, utlånsautomatar, alarmport, og det vil kosta fleire hundre tusen kroner.

2. Scena og barnekroken

Scena treng lys, teleslynge og møblar til foredrag og forfattarmøte. Dette har vi søkt om midlar til frå Nasjonalbiblioteket.

I tillegg ønskjer vi flyttbare lettveggar som kan nyttast til å laga mindre rom, avgrensa areal, laga opplevingar foran og bak. Dette vil gjera det lettare å ha arrangement for ulike grupper.



Ønske: Eventyr både framme og bak ... ?



Fine fargar, men treng eit løft.

3. Det kule Ungdomsbiblioteket

Vi er ikkje tilfredse med å tilby bokhyllar, sofakrok og fire PC'ar til tenåringane våre. Det gamle leserommet ligg vegg i vegg med noverande ungdomskrok og bare ventar på å bli ein hengeplass. Enn om vi kunne opna veggen og skapa ein skjerma krok, ei «hule», eit digitalt rom. Kanskje bygga møbel, laga skjerming mot resten av biblioteket. Wow. Dette ønskjer vi!



Ganske «dull» kvardag ... kan verta coolare!

- 4. Inngangen til biblioteket** er gjennom ein fin og innbydande «glasgang», ... men han er akk så kjedeleg. Kvar dag strøymer det folk utanfor biblioteket, på veg til bussen, til skulen, til treningscenteret og legekontora som ligg i det same bygget. Mange av dei kjem riktignok innom biblioteket. Men dette godt synlege glassrommet er ein fantastisk sjanse til å visa oss fram. Det treng ikkje kosta all verda, men vi treng ideane til korleis vi kan imponera, freista og lokka.



Berget det blå ... men glasgangen den GRÅ!

Da har vi presentert våre først-og framst-ønske dersom vi vert utvalde som Modellbibliotek. Vi har òg ønske om å setja av ein mindre sum til frikjøp av ein av dei tilsette til planlegging og prosjektjobbing

Ønske og planar vil overstiga den summen som vil bli til rådvelde, og det kan verta naudsynt å skjæra ned på ønske og draumar. Men med status som Modellbibliotek trur vi at kommunen vil bidra med ein ekstra sum, og vi har òg håp om at dei rause huseigarane våre kan vera positive til å bli med på ei «kronerulling».

Vi har noko meir enn kr.100.000 ståande i eit fond, og dette utgjer i alle høve eigendelen som vert kravd.

Vi håpar at Hordaland fylkesbibliotek finn søknaden vår interessant, og at vi vert plukka ut til å bli Modellbibliotek i 2016.

Med helsing
Elisabeth Bochkon Tøsdal
biblioteksjef
Os folkebibliotek - *eit eventyrleg bibliotek*